


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



KYRKJELYDSHELG PÅ WALLEMTUNET

frå kyrkjeboka



Døypte

15.03.

- Nora Elen Lægland Haugen
- Anna Moss Liøen

24.05.

- Ludvig Langeland Jørgensen
- Ludvig Aleksander Sandvik
Foss
- Trygve Oma Høysæter
- Noah Enrique Dahle Castexs
- Isrid Flaa



Vigde

09.05.

Fredrik Stikholmen Gjerde og
Mia-Linn Øpstad



Døde

10.03.

Harry Andreas Johannessen

12.03.

Ruth Christy Hammersland

15.03.

Margit Hisdal

17.03.

Judith Tysse

09.04.

Halldis Nordvik

Åshild Aarvik hadde samling for borna medan dei vaksne var på temasamling. Vibeke, Tiril, Viljar, Andreas og Malene har det moro saman.



Planlegging av gudstenesta.

F.v. Åshild Aa. Haga, Berit Hernes, Hilde Tysse og Kjell Odland



Leik og moro for både store og små!



I helga reiste mange frå kyrkjelyden på tur til Wallemtunet. Det var ei fin blanding av born, unge, vaksne og eldre. Det var mange kjekke aktivitetar, som sporløp, leik og spel, tur, masse god mat og mykje prat og latter! Svein Høysæter heldt ei fin temasamling med gode ord til å ta med seg ut i kvardagen. Helga avslutta med at alle fekk vera med og lage til ei gudsteneste som vart halden søndag ettermiddag. Kjekt for både store og små!



Dramatisering av bibelteksten i gudstenesta.

Paulus (Olav Aarvik) har misst synet, og Ananias (Britt Haukanes) t.v. kjem med bod om at han skal verta frisk.

Ein av Paulus sine hjelparar, Åshild Aarvik t.h.

NY PREST

Dei fleste har sikkert fått med seg at Audun Aase vert pensjonist til hausten. 23. august vert det avskilsgudsteneste på Ådland med avskilfest i grendahuset etterpå.

I dag, 4. juni, har bispedømerådet møte, og då skal det også bestemmast kven som får tilbod om jobben som prest i Samnanger. Det er to søkjarar som er aktuelle: Den eine heiter David Vogel og kjem opprinneleg frå aust-Tyskland, men har jobba fleire år som prest i Noreg, har ektefelle frå Sogn og to små born. Den andre heiter Raymond Cato Torsvik, er opprinneleg frå Bergen, men har arbeidd som prest i nord- og i sør-Noreg. Han har ektefelle med bakgrunn frå Samnanger og tre litt større born. Begge er rundt 40 år.

Når bispedømerådet har gjort si innstilling, får den som er innstilt på førsteplass tilbod om stillinga og ein svarfrist. Om han ikkje tek imot, vil tilbodet gå til nr. 2 med ny svarfrist. Så det kan

enno gå ei veke to før me får vita kven som vert presten vår til hausten. Me håpar at i alle fall ein av dei seier ja!

Den nye presten vert tilsett som sokneprest i Samnanger, og får tilbod om å bu i den nye prestebustaden. Buplikta som prestane har no, vert det slutt på i september, men me håpar at presten likevel vil bu hjå oss.

Som me har nemnd før her på kyrkjesida, skal samnangerpresten også gjera litt teneste i Fusa. Me har vorte samde om denne ordninga: Presten i Samnanger og presten i Fusa byter på å ha «gravferdsvakt», så anna kvar veke har samnangerpresten ansvar for gravferder både i Fusa og Samnanger. I tillegg må presten i Samnanger ha ei gudsteneste i Fusa i månaden. Då har han gjerne to på ein dag, ei hjå oss og ei i Fusa. Så stort sett vert det som før for oss i Samnanger, bortsett frå at me stundom kjem til å møta fusapresten i gravferder.

SOKNERÅDSVAL

Den 14. september er den store valdagen. Ikkje berre skal me velja nytt kommunestyre, me skal også velja nytt sokneråd og representantar til bispedømerådet. Det er berre kome eit framlegg til valliste for soknerådet, så valet vert eit fleirtalsval. I år vert det slik at det ikkje går an å stryka nokon, men det går an å gje ekstrarøyst til tre stk. (kumulera). Det går og an å

føya til opp til tre nye namn på lista. Her er dei du kan velja mellom til soknerådet i Samnanger:

- Hilde Maras Aarvik
- Alfred Martin Bruvik
- Gullborg Marie Kongestøl Aasgaard
- Jostein Lennart Loe
- Anlaug Røen Hauge
- Inger Elisabeth Odland
- Rune Flatabø

- Åshild Aadland Haga
- Anne Gerd Tandstad
- Fred Morten Ervik
- Anne-Kjersti Steinsvoll
- Annbjørg Oma Langeland
- Ketil Vevle

Soknerådet har seks medlemmer som skal veljast, og fem varamedlemer. Me vil koma attende til ein nærare presentasjon av kandidatane når valet nærmar seg.